



Arkivsaknr: 2023/3281-4
Sakshandsamar: Harald Haugejorden
Avdeling: Samfunn

SAKSFRAMLEGG

Regulering av drifts- og investeringsbudsjettet. Mindre endring av vedtak

Utvalssak **Utval**

Møtedato

Kommunedirektøren sin innstilling til vedtak:

Med heimel i kommunelova § 11-8 vedtek formannskapet at budsjettreguleringa frå k-sak 140/2023 vert stadfesta, med slik oppdatert bruk av disposisjonsfond:

Konto	Ansvar	Teneste	Prosjekt	Prosjektt tekst	Gamal b.sum	Endring	Ny b.sum
19400	900	88000		Disp.fond, bruk	-31 746 957	23 666 500	-8 080 457

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i formannskapet med heimel i Kommunelova § 11-8 (hasteparagrafen) og delegert fullmakt frå kommunestyret (jf. delegeringsreglementet).

Bakgrunn for saka

I møte 7.12.23 handsama kommunestyret k-sak 140/2023 (Regulering av drifts- og investeringsbudsjettet). Som følgje av ein summeringsfeil når det gjeld bruk av disposisjonsfond, inneheld sjølve reguleringa ein feil som inneber at budsjettjusteringa ikkje er gjort opp i balanse. For å få balanse er det behov for å auke bruken av disposisjonsfondet med kr 1 517 000. Behov for auka finansiering følgjer i hovudsak av tre tidlegare vedtak i kommunestyret, men kommunedirektøren finn likevel at endringa er vesentleg nok til at saka bør føreleggjast politisk nivå for endeleg avgjerd, og har avklart førebuing av sak med ordføraren.

Vurdering

Underinndekkinga i k-sak 140/2023 på kr 1 517 000 gjorde at den naudsynte bruken av disposisjonsfondet i saka framstod som lågare enn det reelle behovet. På driftssida inneheld

saka ei samla oppjustering av rammer med kr 412 300 som følgje av tidlegare kommunestyrevedtak, kr 200 000 i auka ramme til etableringstilskot og kr 46 200 til dekking av påløpte auka kostnader ved rutekjøp, i tillegg til ei flytting av lønsutgifter med netto verknad null. Resten av differansen, kr 858 500, er ein reknefeil. Vurderinga vert difor at eventuell endring i høve til framlegget i praksis berre føre til stopp i utbetaling av etableringstilskot resten av året og negative budsjettavvik når det gjeld dei øvrige postane, som i stor grad har årsak i tidlegare kommunestyrevedtak utan løyvingar.

Kommunedirektøren si tilråding

Det vert tilrådd å godkjenne budsjettreguleringa frå k-sak 140/2023, med kr 1 517 000 i endra bruk av disposisjonsfond. Dei to første summene i vedtaket (Gamal budsjettsum og Endring) må sjåast i samanheng med raden over i k-sak 140/2023, som gjeld *avsettingar* til disposisjonsfond, men den siste summen i vedtaket , kr 8 080 457, syner den faktiske nye budsjetterte netto bruken av disposisjonsfond i drifta i 2023. I opphavelig budsjett for 2023 var det til samanlikning budsjettert med ein netto bruk på kr 11 794 457.